

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 09.06.2012
Frå: **Administrerende direktør**
Sakhandsamar: **Hans Stenby**
Saka gjeld: **Bruk av korridor plassar innan psykisk helse i Helse Bergen HF**

Administrerende direktør si orientering pkt 1

Styresak 066/12 O

Styremøte 22.06. 2012

Bakgrunn

Helse Bergen HF har over mange år hatt utfordringar knytt til bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern. Det gjeld særleg på akutt- og korttidspostane på sjukehusnivået.

Saka har over lang tid vore gjenstand for tilsyn og det blir rapport på saka i kvart styremøte.

Over tid er bruken av korridor plassar klart redusert men Helse Bergen har aldri klart å løyse problemet heilt sjølv om det er arbeidd målretta med omstilling av verksemda og med overføring av pasientar til kommunane. Fortsatt er det mange utskrivingsklare pasientar i Helse Bergen.

Status pr juni 2012

Etter ein lengre periode med lite bruk av korridor plassar auka presset på postane frå mars 2012. Med høgt belegg blei det naudsynt å nytte 45 korridor plassar i mars. Den same utviklinga har halde fram i april kor det samla blei nytta 51 korridor plassar. Utviklinga har vore likeeins i mai månad og det er nytta 53 korridor døgn i denne månaden.

Kommentarar

Helse Bergen peikar på at det er fleire faktorar som har medverka til høg bruk av korridor plassar frå mars 2012. Det gjeld:

- mellombels stenging av den alderspsykiatriske posten med 9 senger frå februar til 11. juni 2012 på grunn av flytting og ombygging
- mange krevjande pasientar i perioden kor det også har vore naudsynt å nytte plassar i psykisk helsevern for pasientar som er innlagt etter tvangsparagrafane i helse- og omsorgstenestelov
- mange nye og mindre erfarne overlegar i postane som har medført lenger tid på utskrivingsprosessen

Dette betyr at sengekapasiteten vil auke igjen frå 11. juni 2012. Det er også laga ei ordning kor erfarne legar gir rettleiing til dei nye for å sikre ei meir optimal utskrivingsprosess.

Helse Bergen er vidare spurt om kapasiteten i sommarmånadene. Det er då opplyst at drifta vil gå som vanleg og det ikkje vil bli nokon reduksjon i kapasiteten på grunn av ferie.

Helse Bergen meiner at situasjonen klart vil betre seg frå midten av juni 2012. Det er likevel grunn til å følgje situasjonen i Helse Bergen tett når det gjeld bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern